

# INNKALLING

**Utval:** Råd for seniorar og menneske med nedsett funksjonsevne  
**Møtestad:** Kommunetunet  
**Møtedato:** 25.09.2017 **Tid:** kl.14:00

**Forfall eller inhabilitet:**

Grunngjeve forfall til møtet, eller inhabilitet, må meldast snarast råd til post@fusa.kommune.no eller ekspedisjonen tlf. 56 58 01 00. Administrasjonen kallar inn varamedlem. Varamedlemmer møter berre etter særskild innkalling.

Innkalling med sakliste og sakspapir er gjort tilgjengeleg på heimesida [www.fusa.kommune.no](http://www.fusa.kommune.no).

Eikelandsosen, 15.09.2017

---

Eirin Bergheim  
Leiar

---

Gunn Sissel Teigen  
Ansvarleg sekretær

# Sakliste

<b>Sak nr.</b>	<b>Tittel</b>
051/2017	Godkjenning av møteprotokoll
052/2017	<Tertailrapport pr. 1.9.2017>
053/2017	Framlegg til planprogram for kommunedelplan for akvakultur 2018 - 27 - Fusa kommune
054/2017	GBNR 24/2 - Lambanesheiane - Detaljregulering for Lambanesheiane bustadområde
055/2017	Planlegging av felles møte med Os eldreråd
056/2017	Prosjektrapportering formannskapet 2017 (vert ettersendt)
057/2017	Eldredagen 2017 – handsaming i møtet 25.09.2017 (vert ettersendt)
058/2017	Skriv, meldingar og open post – 25.09.2017 (vert ettersendt)

Styre, råd, utval	Sak nr	Møtedato
Råd for seniorar og menneske med nedsett funksjonsevne	051/2017	25.09.2017

### Godkjenning av møteprotokoll

Møteprotokoll frå møtet 22.08.2017 vert godkjent.

### Vedlegg:

Styre, råd, utval	Sak nr	Møtedato
Ungdomsrådet		
Råd for seniorar og menneske med nedsett funksjonsevne	052/2017	25.09.2017
Formannskapet		
Kommunestyret		

### <Tertailrapport pr. 1.9.2017>

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Tertailrapport pr. 1.9.2017 vert tatt til orientering.

#### Saksframstilling:

Vedtaksmynde: Kommunestyret

Saksdokument:

Vedlegg: Sjå nederst i saka

Ikkje vedlegg:

#### Faktiske opplysningar:

Einingane Samfunnsutvikling, økonomi og service, Pleie og omsorg og Bjørnefjorden landbrukskontor rapporterer at dei ventar å halda seg innafør tildelte budsjetttrammer.

Desse einingane rapporterer om eit mogleg overforbruk:

Barnehage:	kr 500 000
Undervisning:	kr 600 000
Helse, fam., velferd:	kr 200 000
Teknisk drift:	kr 200 000
<u>Totalt</u>	<u>kr 1 500 000</u>

**Vurdering:**

I første tertial vart det rapportert om eit mogleg overforbruk på kr 3,5 mill. Prognosen er dermed redusert med kr 2 mill i høve til då. Einingane har fokus på stram økonomistyring også framover. Det vert vurdert som sannsynleg at ein vil komma i balanse til året er omme når ein ser alle einingane under eitt.

**Vedlegg:**

Tertialrapport per 01.09.17 - til KOM

1361206

14.09.2017

Styre, råd, utval	Sak nr	Møtedato
Ungdomsrådet		
Råd for seniorar og menneske med nedsett funksjonsevne	053/2017	25.09.2017
Utval for plan og miljø	072/2017	28.09.2017
Kommunestyret		

## **Framlegg til planprogram for kommunedelplan for akvakultur 2018 - 27 - Fusa kommune Eigengodkjenning**

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Fusa kommune vedtek planprogram for kommunedelplan for akvakultur 2018 – 27, datert 08.09.2017, og vil etter dette varsle opstart planarbeid.

Vedtaket er heimla i plan og bygningslova (pbl) § 4-1, 11-1 og 11-13.

### **Saksframstilling:**

Vedtaksmynde:

- Kommunestyret

Saksdokument:

- Planprogram for kommunedelplan for akvakultur 2018-27, datert 08.09.2017

Vedlegg: Sjå nedst i saka

- Merknadsskjema etter høyring

Ikkje vedlegg:

- E-postar og anna korrespondanse

### **Faktiske opplysningar:**

Det skal utarbeidast ein kommunedelplan for akvakultur i Fusa kommune. Planen skal bestå av eit plankart, føresegner og ein tekstdel, og skal erstatta sjødelen i kommuneplanens arealdel. For alle kommuneplanar skal det utarbeidast eit planprogram i tråd med pbl. § 4-1.

Etter første handsaming av planprogrammet i kommunestyret 13.10.2016 vart planprogrammet lagt på høyring i 6 veker. Det kom inn 10 merknadar frå høyringsinstansar, representantar frå næringa og private. Dei er kommenterte i eige merknadsskjema, og det føreliggjande planprogrammet er justert. Det er òg gjennomført møte med dei aktuelle næringsaktørane i kommunen.

### **Justeringar i planprogrammet**

- Det er gjort endringar under kapittel 2 (føringar for planarbeidet) i tråd med merknadane i merknadskjemaet. Dette er i hovudsak oppdatering av overordna rapportar og rettleiing.
- Det er opna for å vurdere alternativ produksjon i sjø
- Det er lagt til informasjon om utreiingsbehov og temakart i kapittel 3
- Framdriftsplanen er oppdatert
- Det er gjort mindre justeringar i oppbygging av dokument, avsnitt og tekst.

### **Ressursbruk**

Det er forventa stor ressursbruk i prosjektet. Grunna mykje anna planarbeid på planavdelinga i Fusa (Områdeplan for Eikelandsosen og høgt trykk på private reguleringsplanar til bustader og anna), må delar av planarbeidet med akvakulturplanen gjennomførast ved bruk av konsulent. Dette gjeld i hovudsak utarbeiding av utgreiingar knytt til ny arealbruk/etablering av nye lokalitetar, utarbeiding av temakart, plankart og konsekvensutgreiing av innspel til arealbruk.

Administrasjonen vil henta inn tilbod på prosjektet frå fleire tilbydarar. Det føreliggjande planprogrammet vert då førande for arbeidet med prosjektet, og prosjektstyringa vil skje frå administrasjonen i Fusa kommune. Kommunedelplanen er ein politisk plan – og eit styringsverktøy for kommunen. Det er ønskjeleg med brei politisk medverknad i prosjektet.

Det er eit mål å vedta kommunedelplan for akvakultur innan utgongen av 2018, sjå framdriftsplan i planprogrammet.

### **Vurdering:**

Merknadane og innspela som kom til planprogrammet var relevante og gode og har bidrege til å gjera planprogrammet betre. Nokre av innspela må takast til etterretning i det påfølgjande planarbeidet. Planprogrammet gjer greie for føremålet med planarbeidet, planprosessen med fristar og deltakarar, opplegg for medverknad, spesielt med tanke på grupper som vert særskilt berørt, og gjer greie for behovet for utgreiingar jf. pbl § 4-1.

Etter vedtak av planprogrammet kan sjølve planarbeidet starta.

Fusa kommune ønskjer å involvere innbyggjarar, politikarar, overordna instansar og den lokale næringa i planarbeidet og vil invitera til dialog og arbeidsmøte med alle berørte i den vidare prosessen.

Rådmannen vurderer at planprogram for akvakultur kan godkjennast og leggjast til grunn for det vidare planarbeidet.

**Vedlegg:**

Merknadskjema etter høyring - Planprogram for kommunedelplan for akvakultur 28.03.2017 - 13.07.2017	1357715	13.07.2017
Planprogram for kommunedelplan for akvakultur 08.09.2017	1360836	11.09.2017



Styre, råd, utval	Sak nr	Møtedato
Utval for plan og miljø	073/2017	28.09.2017
Råd for seniorar og menneske med nedsett funksjonsevne	054/2017	25.09.2017
Ungdomsrådet		

## **GBNR 24/2 - Lambanesheiane - Detaljregulering for Lambanesheiane bustadområde 1. gong handsaming - Høyring og offentleg ettersyn**

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Fusa kommune legg detaljregulering for Lambanesheiane bustadområde ut til høyring og til offentleg ettersyn.

Høyringsfrist er seks veker.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova §12-10 og 12-11.

### **Saksframstilling:**

Vedtaksmynde:

- Utval for plan og miljø

Saksdokument:

- Planomtale for detaljregulering av Lambaneset bustadområde 01.09.2017
- Plankart for detaljregulering av Lambaneset bustadområde 01.09.2017
- Føresegner for detaljregulering av Lambaneset bustadområde 01.09.2017

Vedlegg: Sjå nedst i saka

- Referat frå oppstartmøte 12.05.2017
- Uttaler til melding om oppstart
- Konsekvensutgreiing frå KPA Fusa kommune 2015 – 27
- Rapport - vurdering av potensiell skredfare i bratt terreng

Ikkje vedlegg:

- E-postkorrespondanse og anna

## **Faktiske opplysningar:**

### **Vedtak om oppstart**

Det vart gitt oppstart til planarbeidet i UPM 01.06.2017. Bakgrunnen for at det vart gjort eit politisk vedtak om oppstart er at det arealet som no regulerast til bustad er sett av til landbruks-, natur og friluftsområde (LNF) i arealdelen av kommuneplanen (KPA), medan eit tilgrensande areal på om lag 4 daa er sett av til bustader. Det området som er sett av til bustadar i KPA har vist seg å vere betre eigna til leikareal, og ein hadde difor eit ønske om å gjera eit makebyte. Heile planområdet er konsekvensutgreidd med positivt utfall på kommuneplannivå i 2014, men ein valte likevel å opna eit mindre område for bygging. Ved kunngjering av oppstart kom det ikkje negative reaksjonar til eit makebyte.

Planområdet er på 23,2 daa og legg til rette for 6 bustadar, område for renovasjon, grøntområde og leikeareal. Avstand til kommunesenteret, skule og barnehage er ca. 5 minutt med bil. Gangavstand til buss.

### **Vurdering:**

Planomtalen er svært opplysnande og gjev ei god beskriving av planområdet og av konsekvensane av planframlegget. Det er vist ein 3D-modell og ulike snitt igjennom planområdet som visar korleis planområdet ligg i høve til fylkesvegen og fjorden. Dette gjev også eit bilete av korleis tomtane vert liggjande på hyllar i terrenget.

Det er godt samband mellom plankart og føresegn. Utnyttingsgrad av bustadtomter (BYA) på 35% er i tråd med arealdelen til kommuneplanen, og det er positivt at ein still krav til at byggesøknaden skal ta omsyn til omkringliggjande areal og til utforming på eksisterande busetnad. Der byggegrensa ikkje er vist i plankartet gjeld 4 meter jf. pbl. §29-4. Krav til opparbeiding av felles leikeareal slår ikkje ut jf. arealdelen til kommuneplanen, men det er positivt at planen legg opp til at det kan opparbeidast eit leikeareal med kvalitetar som kan nyttast av alle, t.d. benkar, bord og gapahuk.

Trafikktryggleiken i planområdet vurderast som god, og det er positivt at den planlagde vegen er dimensjonert til 30 km/t. Det er satt av eit areal til felles gjesteparkering i enden av planområdet.

Det er eit godt grep at ein i føresegnene til planen har tatt inn at ein skal ta vare på naturmangfald og karakteristiske tre ved skjøtsel av grøntområde.

Det føreligg ein skredvurdering som er levert frå Geoplan, utarbeidd etter rapportmal frå NVE. Denne konkluderer med at det ut i frå kjend kunnskap er trygt å utvikle området til bustadføremål (sjå vedlegg). Denne vurderinga er i tråd med konsekvensutgreiinga og ROS-analysen som vart gjennomført i arbeidet med arealdelen til kommuneplanen.

Rådmannen vurderer at planen kan leggjast ut til høyring og offentleg ettersyn jf. pbl. § 12-10 og 12-11.

### **Vedlegg:**

**Vedlegg:**

Planomtale - detaljregulering for Lambanesheiane bustadområde - 01.09.2017	1360493	06.09.2017
Plankart - detaljregulering for Lambanesheiane bustadområde - 01.09.2017	1360500	06.09.2017
Førsegner - detaljregulering for Lambanesheiane bustadområde - 01.09.2017	1360499	06.09.2017
Referat frå oppstartsmøte - 12.05.2017	1360494	06.09.2017
Uttaler til oppstart	1360495	06.09.2017
Konsekvensutgreiing for bustadområde på Lambaneset KPA 2015 - 27	1360496	06.09.2017
Rapport - vurdering av potensiell skredfare i bratt terreng	1360497	06.09.2017

Styre, råd, utval	Sak nr	Møtedato
Råd for seniorar og menneske med nedsett funksjonsevne	055/2017	25.09.2017

### Planlegging av felles møte med Os eldreråd

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram for planlegging i møtet

#### Saksframstilling:

Vedtaksmynde:

Råd for seniorar og menneske med nedsett funksjonseven

Saksdokument:

Vedlegg: Sjå nederst i saka

Ikkje vedlegg:

#### Faktiske opplysningar/ Vurdering::

I forrige møte vart det orientert om at leiar i Os eldreråd og leiar i Fusa sitt felles råd for seniorar og menneske med nedsett funksjonsevne ønskjer å ha felles møte måndag 16.10.2017. Møtestad her i Fusa – Kommuneetnet

I forrige møte vart det planlagt eit ca 2 timars fellesmøte frå kl 12.00 – 14.00. Eventuelt så kan ein kl 14.15 – 16.15 ha eit møte mellom Os sitt råd for menneske med nedsett funksjonsevne og Fusa sitt felles råd for seniorar og menneske med nedsett funksjonsevne.

Os sitt råd for menneske med nedsett funksjonsevne hadde møte i veke 35 og spørsmålet skulle takast opp der.

Pr no er tilbakemeldinga frå Os at det ikkje avgjort enno.

Saka vert lagt fram i senior- og funksjonsrådet 25.09.2017 for vidare planlegging av fellesmøtet med Os eldreråd og evt. eit fellesmøte med Os sitt råd for menneske med nedsett funksjonsevne.